

# Møteprotokoll for hovedstyret i Norges Korforbund Øvre Gauldal

## Referat Styremøte 03/24

**Tid:** Måndag 9. september kl. 19.00-20.40  
**Stad:** Gauldalsporten , Støren  
**Til stades:** Lars Nesheim, Cecilie Eide, Gunnar Konradsen, Jens Gunnar Fløttum, Lars Stokke, Mette Storseth  
**Forfall:** Hallstein Jakobsen Enodd , Dag Eithun, Bjørn Jarle Gjersvold

Sak	Omtale/ Vedtak	Ansvar	Frist
11/24	<b>Godkjenning av referat frå førre styremøte</b>  <i>Vedtak: Samrøystes godkjent.</i>	Lars	
12/24	<b>Temadagar for dirigentar 26.-27. oktober på Støren</b> Påmeldingsfrist 20. september. Ingen er påmeldt enno. Støren kulturhus er tinga. Må planlegge servering, og eventuell bistand frå styremedlemmer.  <i>Vedtak: Me må vente med vidare planlegging (og eventuell avlysing) til etter påmeldingsfristen er gått ut.</i>	Lars/ Cecilie	
13/24	<b>Tidspunkt og stad for årsmøte</b> Det har vore vanleg å arrangere årsmøte i NKØG i midten av februar. Det er kome innspel om at dette er for tidleg, mellom anna fordi mange kor då ikkje er ferdige med eigne årsmøte. I vedtektene for DL står det at årsmøtet skal haldast innan 31. mars. Det er truleg ingen andre tilhøve som tilseier at årsmøtet ikkje kan haldast i midten av mars.  <i>Vedtak: Årsmøtet i NKØG skal haldast i midten av mars. I 2025 skal årsmøtet vere på Kvikne den 16. mars.</i>	Lars	
14/24	<b>Etablere støtteordning for korsongarar?</b> NKØG har ei ordning med stipend for dirigentar. Skal me etablere ei tilsvarande ordning for korsongarar, for eksempel til dei som vil delta på sommarkorskulen. Styret må eventuelt leggje fram ei sak på årsmøtet.  <i>Vedtak: Styret utarbeider eit forslag til retningslinjer for ei stipendordning for songarar. Forslaget skal presenterast for leiarmøtet i november, og endeleg forslag vert lagt fram på årsmøtet.</i>	Lars	
15/24	<b>Dirigentstipend – ikkje fast søknadsfrist?</b>	Lars	

## Møteprotokoll for hovedstyret i Norges Korforbund Øvre Gauldal

	<p>Søknadsfristen for dirigentstipend er 10. november. På leiarmøtet på Lundamo kom det opp forslag om at det ikkje skal vere noko søknadsfrist, men at styret kan behandle søknader fortløpande til vedtatt ramme er brukt opp. Styret er usikker på om dette forslaget fører til fordelar for dirigentane. Eitt alternativ kan vere å behalde søknadsfristen, men at ein kan ta i mot søknader seinare om ramma ikkje er brukt opp (slik det var sist år).</p> <p><i>Vedtak: Styret legg fram forslag på leiarmøtet om å behalde søknadsfristen, men at ein opnar for å ta i mot søknader seinare om ramma ikkje er brukt opp. Endeleg vedtak må gjerast på årsmøtet.</i></p>		
<b>16/24</b>	<p><b>Leiarmøte på Kroa på Støren 10. november kl. 18. Forslag til tema</b></p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Orientering frå kora, status m.m.</li> <li>2. Innspel frå dirigentane på korleis ein skal gjennomføre songarstemna</li> <li>3. Tono. Inn i Retningslinjer for songarstemne? Rutinar for vanlege konsertar</li> <li>4. Støtteordning for korsongarar</li> <li>5. Dirigentstipend – ikkje fast søknadsfrist?</li> <li>6. Songarstemnet 20.-22.06-2025: Orientering av Samhald</li> <li>7. Orientering om Landsdelssamling i Haltdalen</li> <li>8. Handlingsplan for NKØG 2025-2026</li> <li>9. Tid og stad for årsmøte 2025</li> </ol> <p><i>Vedtak: Tema vedteke</i></p>		
<b>17/24</b>	<p><b>Dekking av kostnader ved dirigenttreff</b></p> <p>Dei to siste åra har dirigentane fått støtte til servering ved dirigentstreff, etter søknad. Leiar i SOU foreslo at det skal setjast opp ein eigen post i budsjettet.</p> <p><i>Vedtak: Styret skal leggje fram forslag på årsmøtet om ein eigen post i budsjettet for dirigenttreff</i></p>		
<b>18/24</b>	<p><b>Tid for neste styremøte</b></p> <p>Dato er ikkje fastsett. Møtet vert halde på Teams, Gunnar inviterer.</p>		